

# ÅRSMELDING 2024

## FOR

### SULDAL BYGDEKVINNELAG

Medlemstalet er 39 – som er stabilt frå i fjor.

#### STYRET

Styret har i år desse medlemmene:

Ellen Jensen Roalkvam – kontaktperson/leiar

Valborg Sandal – styremedlem

Gyrid Bakka – kasserar

Marta Bråtveit – styremedlem

Eli Torill Bergjord – skrivar

1. vara: Bjørg Marit Øvrebø

2. vara: Marta Hoftun Vik

Varamedlemmene møter berre etter særskild innkalling.

Styret har hatt 6 møte og behandla 31 saker. Halvtårsplanane for medlemsmøte/aktivitetar er dei mest omfattande sakene.

Gyrid og Eli Torill var utsendingar til årsmøte i Rogaland bygdekvinnelag. Møtet var i år på Byrkjedalstunet.

#### MEDLEMSMØTE (etter sist årsmøte)

- 07.12.23 Julemøte på Skattekammeret, Nesflaten. 22 medlemmer møtte. Det blei servert viltgryte med tilbehør, dessert og kaffi.
- 15.01.24 Bokmøte på biblioteket på skulen. 20 medlemmer møtte. Valborg Sandal presenterte aktuelle bøker. Jon Bråtveit hadde føredrag om Jon Fosse og las opp frå nokre av bøkene hans.

- 14.03.24 Møte på skulen der Filip Missuno fortalde om «Mi språkreise – møte med ulike språk i verda». Det møtte 25 medlemmer
- 10.04.24 Kurs i laging av vårrullar på skulekjøkkenet. Det møtte 16 medlemmer. Vilma Tveitane synte korleis ho lagar vårrullar.
- På årsmøtet 15.10.24 får me besøk av Wenche Haugen Havrevoll. Ho vil fortelja om varene frå Nepal og kvinnene ho har kontakt med i ulike verksemdar der.

## TURAR

- 28.05.24 Tur til Åsen på Nesflaten, og etterpå niste/kaffi i hagen til Else Grete Eikemo. 14 medlemmer deltok på turen, 16 medlemmer var med i hagen etterpå.
- 05.06.24 Planlagt tur til Hjortelandsnuten blei avlyst på grunn av regn og fare for torever.
- 12.06.24 Tur til Austevoll med Suldalsbussen. 41 deltakarar, av dei var 29 medlemmer. Bussen blei fylt opp av andre, m.a. medlemmer i Saniteten. Flott tur der me fekk tid til mykje, m.a. fiskesuppe på Bekkjarvik gjestgiveri og omvising etterpå, galleribesøk og shopping. Til slutt tur mot ein topp (blei ikkje tid heilt til topps).
- 22.08.24 Tur til Mosåsen, Sandsbygda, med pizza hjå Rolf Henrik Tveit etterpå. 12 gjekk tur i pøsregn, og 20 medlemmer deltok på pizzaen. Verten hadde laga deig og sett fram ingrediensar, slik at me fekk miksa vår eigen pizza. Sosialt og artig.
- 25.09.24 Tur over Hylsskaret + omvising på Vaage gard for bl.a. å høyra om honningproduksjonen. Kari Koch Moe fortalde m.a. sagnet om Marit Litlevik på turen over Hylsskaret. 11 medlemmer var med over Hylsskaret. 13 deltok på omvisinga, der me også fekk smaksprøvar på honningen.

## DUGNAD M.M.

- Etter mange år med dugnadsvask på Kolbeinstveit, var det i år slutt på det, og dermed slutt på ei inntektskjelde for oss. Så dermed slo me til med sal av tradisjonsmat på **marknadsdag på Kolbeinstveit** i samband med olsok. Då styret fekk førespurnad frå arrangøren (Ryfylkemuseet), bestemte me oss raskt for sal av smørgraut og Suldalsbete, slik det blei servert på Kolbeinstveitstemna «før i tida». Det blei suksess. Smørgrauten forsvann i løpet av første timen, og Suldalsbete (vaffel inni lefsebit) blei også veldig godt likt. Lefsebitar og vafflar blei

også selde kvar for seg. Fortenesta blei god. Styret tok på seg denne dugnaden, som jo var midt i ferietida, men me hadde god hjelp av andre medlemmer undervegs til laging av lefser og smørgraut, og til oppvarming av graut og steiking av vafler på marknadsdagen.

- 2 av medlemmene laga mat på 4H sin fylkesleir på Sand i juni.
- 6 av medlemmene laga flatbrød med elevane på Vinjar skule (1. – 7. klasse) i slutten av november. Dette var ein del av emnet «Bygda vår». Det gjekk med ein heil skuledag. 1 av medlemmene var også med og laga grønssaksuppe dagen etter.
- Me leverte 5 kaker til feiring av Ukraina sin nasjonaldag den 24. august. Rolf Bersås var initiativtakar for arrangementet på Kulturhuset i samarbeid med Frivilligsentralen.
- 3 medlemmer stod for pynting av kyrkja til hausttakkegudstenesta.
- Det er kjøpt inn 5 forkle med logo (Norges Bygdekvinneleg) til bruk ved arrangement der me gjerne vil visa kva lag me representerer.
- Me har laga ei messengergruppe for styret. Praktisk for beskjedar og avtalar.
- I løpet av dette rekneskapsåret har laget gått over til bedriftsnett – noko som alle registrerte lag og organisasjonar blir «tvinga» til.

## **GÅVER**

Gitt kr 2 500,- til julegåveaksjonen 2023

Gitt Hardangerbestikk til 4H-klubbane på Nesflaten og Suldalsosen